

Hardanger golfklubb – utviding til ni hol

Sak til Årsmøte 2026

Framlegg frå gruppa som har arbeidd med utviding av bana; Jon Klyve, Lars Ese Ur og Vidar Østerbø

Det er tre år sidan saka vart teken opp første gong i årsmøte. Det er trong for å identifisera og å gjera om på dei mekanismane som gjer at arbeidet ikkje har komme vidare. Vi har drøfta dette i gruppa som arbeider med utvidinga av bana og vil peika på tre forhold:

1. Uklart mandat til gruppa gitt av årsmøte (eller styre)
2. Manglande adressat (mottakar) for resultatet frå gruppa sitt arbeid
3. Ikkje avklart kva mottakar av gruppa sitt arbeid skal gjera med resultatet av gruppa sitt arbeid

For å rydda opp, så føreslår vi at årsmøte 2026 behandlar følgjande «bestilling» frå årsmøte - i første omgang til styre:

«Årsmøte løyver kr. 250.000,- som ei ramme som styre kan bruke der det er relevant i dei følgjande milepælane i arbeidet med å utvide golfbana til Hardanger golfklubb til ni hol.

Milepæl I

Styre får i oppgåve å etablera eller vidareføra ei arbeidsgruppe som skal arbeide fram følgjande mandat/avklaringar:

- *Styre peikar ut medlemene i arbeidsgruppa.*
- *Arbeidsgruppa rapporterer til styre.*
- *Arbeidsgruppa avklarar med aktuelle grunneigarar kva areal som kan vere aktuelt å inngå langsiktig (40 år) leigeavtale om.*
- *Avklare om forlengelse – videreføring av avtalene med nåverande grunnleigere.*
- *Kartleggje kven av grunneigarane som ønskjer å gå vidare i forhandlingar med Hardanger golfklubb om slik leigeavtale.*
- *Dersom ingen grunneigarar vil gå vidare med saka, vert saka avslutta med tilbakemelding til styre og seinare årsmøte (medlemene) om dette.*
- *Dersom fleire aktuelle grunneigarar ønskjer å gå vidare med forhandlingar med golfklubben, skal arbeidsgruppa føreslå kven av grunneigarane ein vil prioritere (ut frå kva areal som tentativt teknisk/økonomisk sett høver best) å gå vidare i forhandlingar med.*
- *Dersom styre finn at det teknisk/økonomiske må utgreiast vidare, må styre definera kva modningsnivå dei tekniske og økonomiske kalkylene skal ha (om det t.d. må hentast inn prisar frå entreprenørar mv).*
- *Styre vedtek denne avklaringa/prioriteringa.*

Milepæl II

Når styre vedtek at utgreiinga dei har moteke frå arbeidsgruppa, opplyser saka tilstrekkeleg, vert dette lagt fram for årsmøte (ev ekstraordinært årsmøte) inkludert eit opplegg for finansiering av tiltaket. Dersom finansieringa omfattar ei løysing som forpliktar medlemene med ein eingongssum og ei stipulert endring i medlemspengar i dei kommande åra (t.d. ti år framover), må det i tillegg leggjast fram eit opplegg for dei medlemene som ikkje ønskjer å gå inn med ein eingongssum. Årsmøte må ta stilling til om golfklubben deretter skal

- gå inn i reelle forhandlingar med valgt grunneigar
- engasjera banearkitekt
- utarbeide ein samla plan
- offentlege avklaringer m/kostander
- innhenta prisar frå entreprenørar
- søkja tippemidlar
- innhenta og avklare om sponsormidlar
- utarbeida forpliktande opplegg for dugnad,
- eingongsinnbetaling
- endringar i medlemspengar
- alternativ for dei medlemene som ikkje ønskjer å gå inn med ein eingongssum
- utarbeide samla budsjett med worst – best case

... eller avslutte saka her.

Milepæl III

Om Årsmøte vel å gå vidare så skal følgjande avklaring/beslutningsgrunnlag være på plass:

Kostnadsgrunnlag

- Samla entreprenør kostnader basert;
 - o Opparbeidelse av grunn
 - o Drenering
 - o Vatnings anlegg m/styring
 - o Veier – tilkomst
 - o Mm

Offentlege

- Utgreingar
- Kostnader

Finansiering og ressursar

- *Tal på medlemmer som har forpliktet seg til eingongs sum*
- *Dugnads arbeid*
- *Tippemidler*
- *Merverdirefusjon*
- *Sponsor midler*
- *Annet*

Samla budsjett

- *Inndekning av differansen mellom kostnader og inntekter vert fordelt på medlemmene som har forplikta seg til å betale eingongssummen.*
- *Medlemmer som ikkje ønsker å betala eingongs sum får auka årsavgiften i eksempelvis i 10 år. Deretter vert avgifta lik for alle medlemmene*

Milepæl IV

- *Ved vedtak i årsmøtet vert arbeidet sett i gang.*
- *Det vert peika ut ein prosjektleiar/ledelse.*
- *Det skal gjennomførast regelmessig rapportering*
- *Ved større avvik frå plan, økonomi eller framdrift skal styret handsame saka.*
- *Ved behov kan det kallast inn til ekstraordinært årsmøte.»*